KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr. 3 2020 - 2021 Årgang 46

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE, ALLE SKAL UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST

Velkommen til 1.klasse

Til hausten byrjar det 4 flotte elevar i 1. klasse. Det er Andreas, Lucas, Sivert og Yngvild. Dei har vore på innskrivingsdag og skal ha førskuledag den 18. juni. Dei skal gå i klasse med 4 kjekke elevar som går i 1. klasse no. Me ynskjer 1. klassingane velkommen til oss, og gler oss til dei startar på skulen måndag 17. august.

Takk til 7.klasse

Snart er det siste skuledag på Vik skule for Jenny Alice, Thea, Trine, Ella, Alexander, Thomas, Alfinn, Damien og Sølve. Me vil takke dei kjekke 7. klassingane for dei 7 åra dei har vore elevar her. Me kjem til å sakna dokker. Lukke til vidare på Skjold skule.

Nokre går - andre kjem

Me er så heldige å få ein ny elev på skulen til hausten. Det er Kasper Bruland som skal starte i 4. klasse! Velkommen til Vik skule Kasper.

Men me går likevel ned i elevtal og neste skuleår blir me 33 elevar.

Når me blir ferre elevar blir me og ferre i personalet. Slik er det diverre. Til hausten kjem difor Mira til å flytte over til Skjold skule og undervise på ungdomskulen der. Mira har jobba på Vik skule i 11 år og me kjem til å sakne både matlysten, engelskengagementet, det gode humøret og mykje anna. Lukke til i Skjold Mira.

Lene kjem også til å flytte over til Skjold skule i 70% av stillinga si. Ho kjem til å ha 30% stilling igjen i barnehagen i Vikebygd. Tusen takk for

den gode jobben du har gjort på Vik skule Lene. Me veit at du tar kjempeflott kunnskap og kompetanse med deg over til Skjold skule og er glade for at me får sjå og nytte deg her to dagar i veka.

Personalet skuleåret 2021-2022

1. - 2. klasse

Kontaktlærar 1.-2. klasse	Bergfrid Kolltveit
Andre tilsette som arbeider her	Sandra Marie B. Sælemyr, Torunn V. Fredriksen, Berit Skartland og Veronika Tveit

3.- 4. klasse

Kontaktlærarar 3.- 4. klasse	Veronika Tveit
Andre tilsette som arbeider her	Bergfrid Kolltveit, Anne Brith J. Nesheim og Sandra Marie B. Sælemyr

5. - 7. klasse

Kontaktlærarar 5. - 7. klasse	Sandra Marie B. Sælemyr (5. og 6. klasse) og Ingrid L. Sandvik (7. klasse)
Andre tilsette som arbeider her	Anne Brith J. Nesheim og Berit Skartland

SFO	Berit R. Skartland og Torunn V. Fredriksen,

For skuleåret 21/22 er det 8 barn som er påmeldt til SFO. SFO startar opp måndag 16. august og er open til kl.16.30 alle dagar. Det er tilbod om morgon-SFO i samarbeid med barnehagen, men me må sjå kva smitteverntiltak som gjeld til hausten og korleis me event. må gjere dette. Det er mogleg å kjøpe ekstratid i SFO. Ta kontakt med SFO-koordinator Berit Skartland på tlf. 53655735 / 90515628.

Skuledagen og skyss neste skuleår

Om morgonen: Skyss frå Trovåg kl. 07.45 og Tindeland kl. 07.50. Det kan bli endringar på tidene om morgonen. Me tar då direkte kontakt med dei det gjeld. Ein brukar det same busskortet heile skuletida.

Skyss etter skuletid:

Dagar	Nord	Sør
Måndag	13.05	13.30
Tysdag, torsdag	13.50	14.15
Onsdag	12.40	13.05
Fredag	13.50	12.05

Skuledagen:

Måndag	Kl. 08.15 – 13.00	1.-7. kl.
Tysdag	Kl 08.15 – 13.45	1.-7. kl.
Onsdag	Kl. 08.15 – 12.15 Kl. 08.15 – 12.35	1.-4. kl. 5.-7. kl.
Torsdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. kl.
Fredag	Kl. 08.15 – 12.00 Kl. 08.15 – 13.45	1.- 4.kl. 5.-7. kl.

TEMA OM ÅLFJORDEN OG OPEN DAG <u>ONSDAG 09.06</u>

Me held nå på med temaperioden om Ålfjorden. Elevane har hatt og skal også vidare ha flotte dagar ved sjøen. Sigbjørn Tjoflot og Sverre Andersen har sett garn og fått mykje fisk som elevane har studert, sløgd og laga fiskesuppe av. Dei har padle, fiska, funne småkryp, skjell osb. Me har også hatt besøk og hjelp av friluftsrådet i 2 dagar. Utanom dette jobbar dei med mykje forskjellig som har med Ålfjorden å gjere i klasseromma.
Grunna koronasituasjonen blir det heller ikkje i år vanleg kulturettermiddag med storsamling på bygdahuset. Me vil i staden ha open dag på skulen **<u>onsdag 9. juni kl. 13.00 - 19.00.</u>** Då blir det utstilling og konkurranse rundt tema Ålfjorden. Open dag blir for elevar og føresette og me håpar på at besøket spreiar seg utover dagen.



Elevane går «runden» saman med sine føresette når det passar for kvar enkelt. Utstillingane blir i MUNA og i klasseromma. Me tar imot gjestene på skuleplassen og har oversikt på kor mange det kan vere i kvart rom til ei kvar tid. Det blir same type konkurranse som me pleier å ha på kulturettermiddagane, med spørsmål frå tema der ein kan finne svara i utstillingane.
Alle levere konkurranseskjema til vaktene på skuleplassen når dei er ferdige med runden.
Premieringa blir på skulen på torsdagen.

Kalender for dei siste skulevekene

Onsdag 09.06	**Open dag** på skulen for føresette og elevar kl. 13.00-19.00
Fredag 11.06	7. klasse på besøksdag på Skjold skule
Tyrsdag 15.06	Halvårsvurderingane for elevane blir lagt ut på Visma. Ein loggar seg inn og les desse på https://skole.visma.com/vindafjord Dei blir ikkje sendt heim på anna måte. Kontakt skulen om du treng hjelp til å logge inn el.l. Mjølk og frukt for neste skuleår kan nå bestillast på www.skolelyst.no og www.skolefrukt.no.
Onsdag 16.06 **Skulen sluttar kl. 10.45.**	Friidrettsdag for alle elevane. Hugs klede som passar til dette. Skulen sluttar og skyssen går heim kl. 10.45. SFO startar 10.45. Lærarane har planleggingsdag kl. 11.00-18.30
Tysdag 22.06	Me ryddar klasseromma. Hugs å ha med alle skulebøker/bibliotekbøker.
Onsdag 23.06	Tursti, grilling og aktivitetar. Alle kan ha med seg grillmat og det dei sjølv ynskjer å drikke. Om ein vil, kan ein og få ha med litt snop og t.d. chips. 7. kl. har fellessamling: «Takk for oss». Skulen sluttar og bussane går heim til vanleg tid. SFO er ope til kl. 16.30. Hittegods blir vist fram og ligg i personalavdelinga fram til 29.06.

God sommar!



Velkommen til skulestart måndag 16. august kl.08.15